



Bygdeutvikling

Suldal kommune

NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato: 23.05.2025

Arkivkode: K3-&13
Dykkar ref. 55b8711a-c88e-41c3-
837e-7242b980999f
Vår ref. 25/535-5
25/9193
Torill Telstad

**UTTALE SAKSNUMMER 202507038 - KONSESJONSPLIKTVURDERING AV ØKT
PUMPEKAPASITET I SAURDAL PUMPEKRAFTVERK I ULLA-FØRRE
SYSTEMET I ROGALAND**

Viser til høringsbrev dagsett 20.03.25 og utsett høringsfrist innvilga i e-post
28.04.2025.

Suldal kommune har hatt uttalen til handsaming i kommunestyret 22.05.25 og gir
fylgjande uttale:

«Suldal kommune er i utgangspunktet positiv til ei oppgradering som gir større
fleksibilitet i kraftproduksjonen utan nye store naturinngrep.

Suldal kommune har fylgjande merknader som me ber NVE ta med i vurderinga av
om auka pumpekapasitet i Saurdal kraftverk krev ny konsesjon:

1. Tiltaket omfattar tre magasin som ligg i nasjonalt villreinområde og/eller omsynssone villrein. Spesielt Blåsjømagasinet ligg sentralt i villreinområdet og det er villrein kring magasinet heile året. Suldal Kommune forutsett at magasinet ikkje blir ein større trekkbarriere enn det det alt er. Suldal kommune er usikker på om kunnskapsgrunnlaget og vurderingane av isforhalda på Blåsjø ved auka pumping er gode nok. Suldal kommune forventar at det vert gjort ei grundigare vurdering av kva påverknad ei auka pumping vil ha på isforhalda ved ulike senario og kva påverknad dette vil ha på villreintrekka i området.
2. Suldal kommune er uroa for at tiltaket kan ha påverknad på temperaturen i Suldalslågen som er eit nasjonalt laksevasdrag. Temperaturen er i dei seinare åra trekt fram som ei av hovudutfordringane for laksen.



| Eidsvegen 7, 4230 SAND
| Bankgiro: 3202.07.01153

| 52 79 22 00
| org. nr 964 979 189

| postmottak@suldal.kommune.no
| www.suldal.kommune.no

Suldal Kommune forventar at Statkraft gjer umiddelbare tiltak for kontinuerlig overvåking av temperaturen i Suldalslågen på sentrale plasser i Suldalslågen. Suldal kommune forventar at det vert gjort ei grundigare utgreiing av tredjepart av om tiltaket vil påverke temperaturen i Lågen.

3. Suldal kommune vurderer at tiltaket er innanfor arealformåla i kommuneplanen og ikkje treng dispensasjon frå denne.
4. Det er planlagt fleire store oppgraderingar av vannkraftanlegg med nye pumpekraftverk i Noreg. Det er viktig at ein har økonomiske insentiv for vertskommunane når oppgraderingane førar til auka verdiskapning.»

Saksutgreiing og vedtak ligg ved.

Med helsing

Torill Telstad
Rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent